



## MØTEINNKALLING

**Utval:** Komite for Helse og omsorg  
**Møtestad:** Herøy helsesenter  
**Dato:** 18.09.2014  
**Tid:** 14:00

Melding om forfall til tlf. 70081300.

Forfall til møter i kommunale organer skal vere gyldig i hht. Lov om kommuner og fylkeskommuner § 40, nr. 1.

Varamedlemer som får tilsendt sakliste, skal ikkje møte utan nærare innkalling.

---

**Dersom du ønskjer din habilitet vurdert i ei sak, må du melde skriftleg frå til Fellesekretariatet om dette i god tid før møtet (Forvaltningslova § 8, 3. ledd).**

Fosnavåg, 11.09.2014

Fred Hansen  
leiar

## **SAKLISTE:**

Saksnr	Innhold
PS 34/14	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 35/14	Protokoll frå førre møte
PS 36/14	Referatsaker
PS 37/14	Resultat av brukarundersøking i pleie- og omsorgsavdelinga våren 2014
	Referatsaker
RS 16/14	K-sak 103/14. Særutskrift - Lokalisering av omsorgssenter for Herøy

## **Orientering/drøfting:**

Orientering om kommunedelplan bustadsosialt arbeid v/eigedomsleiar Robert Myklebust.



PS 34/14 Godkjenning av innkalling og sakliste

PS 35/14 Protokoll frå førre møte

PS 36/14 Referatsaker



Pleie- og omsorgsavdelinga

## SAKSFRAMLEGG

-

---

Sakshandsamar:	RVB	Arkivsaknr:	2014/1244
		Arkiv:	031

---

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
	Eldrerådet	
37/14	Komite for Helse og omsorg	18.09.2014
149/14	Formannskapet	16.09.2014
	Kommunestyret	24.09.2014

### RESULTAT AV BRUKARUNDERSØKING I PLEIE- OG OMSORGSVDELINGA VÅREN 2014

#### Tilråding frå rådmannen:

Brugarundersøkinga frå pleie- og omsorgsavdelinga vert tatt til vitande.

Særutskrift: Pleie- og omsorgsleiar, HTV for NSF, Fagforbundet og Delta



**Vedlegg:**

[Oversikt over deltaking og svarprosent](#)

[Resultat heimeteneste](#)

[Informasjonsbrev om resultat](#)

[Resultat sjukeheim](#)

[Informasjonsbrev om resultat](#)

**Saksopplysningar:**

Avdelinga nyttar brukarundersøking som ein metode i kvalitetsforbetringsarbeidet, og våren 2014 har vi gjennomført brukarundersøking blant pasientane på sjukeheimane og i heimetenestene i Herøy kommune. Vi brukte spørjeskjema og dataverktøy utforma av «bedrekommune.no» (KS / Kommuneforlaget).

Dette verktøyet vart også brukt i 2005 og 2010. Vi kan dermed samanlikne resultatane og sjå på utviklinga over tid, - både opp mot oss sjølv og dei andre kommunane som ligg inne i databasen.

**Bebuarar i sjukeheimane**

Alle sjukeheimsavdelingane i kommunen er representerte i brukarundersøkinga.

Med utgangspunkt i diagnose og helsetilstand kartla avdelingsleiarane kven som var aktuelle å delta på deira avdeling. 60 av 101 pasientar, altså 59 %, vart vurderte som aktuelle kandidatar. Av desse svarte **93 %**.

I sjukeheimane vart det nytta intervju som metode. Dette vart utført av ein uhilda person (Ann-Sofie Nærø Ytterland), på alle avdelingane. Intervju sikra ein høg svarprosent i utvalet. Medan ein før hadde berre eit skjema i databasen, kunne ein no velje mellom to. Vi valde eit forenkla skjema med svaralternativa ja, nei og veit ikkje, sidan tilbakemeldinga frå tidlegare år var at graderinga av svaralternativa vart opplevd som vanskeleg.

**Samla resultat sjukeheim:**

Jamt over er pasientane godt nøgde på områda dei vart spurde om i undersøkinga. Sidan det denne gongen vart nytta forenkla skjema, er ikkje resultatane fullt ut samanliknbare med dei tidlegare undersøkingane. Likevel kjem det klart fram at dei aller fleste er fornøgde på same områder som i 2010. Tidlegare var det ynskje om ei forbetring med tanke på informasjon om eiga helse, samtale med lege eller høvet til å kome seg ut. Det nye skjemaet er ikkje så detaljert at vi kan samanlikne konkret endring på desse områda.

Når vi ser alle avdelingane under eitt, er det tre områder som får samla best resultat. Dette er at pasientane får den hjelpa dei har behov for, at dei tilsette snakkar klart og tydeleg, og at dei alt i alt er fornøgde med sjukeheimen der dei bur.

Dårlegaste utfallet kjem under spørsmålet om pasienten opplever å verte høyrd når han gjev uttrykk for korleis han vil ha det. Her svarer 76,8 % ja, 5,4 % nei, medan 17,9 % svarer veit ikkje. Forklaringa frå nokre av dei som svarte 'veit ikkje' var at dei

ikkje brukar å seie ifrå om noko. Avdelingane må følgje opp dette og finne ut kvifor så mange seier at dei ikkje seier frå.

Spørsmålet der flest svara nei, er på spørsmålet om dei er fornøgde med rommet der dei bur og om dei nyttar aktivitetstilbodet. Dette vart utdjupa i kommentarfeltet. Det er fleire som opplever romma som små, spesielt ved behov for fleire hjelpemiddel. Det vert også sagt at dei er umoderne og at toalettforholda er for dårlege, spesielt med tanke på å må dele med andre.

16,1 % seier at dei ikkje nyttar noko aktivitetstilbod. Det er interessant at aktivitetstilbodet tydeleg utmerkar seg frå resten av undersøkinga, spesielt sidan dette var eit funn også i 2010. Det kjem fram frå kommentarane at nokre av pasientane ynskjer fleire aktivitetstilbod slik at dagane ikkje vert så lange.

Eit anna funn som kjem fram gjennom kommentarfeltet, er at mange ynskjer oftare fersk fisk til middag. Gjennom intervju gav fleire av pasientane uttrykk for at dette er eit stort sagn. Trass i dette var dei aller fleste fornøgde med maten. Dei får fiskemat eit par/tre gangar pr. veke.

Til no i år er vi einaste kommune som har nytta det forenkla skjemaet for institusjon. Vi har difor ikkje høve til å samanlikne oss på landsbasis, men vil følgje med på resultatata utover året.

### **Brukarar i heimetenestene:**

Også her vurderte leiarane kven som var aktuelle kandidatar, ut i frå diagnose, helsetilstand, og i kor stor grad dei får tenester. Utvalet vart samla på 176 av 268 brukarar, og antal innkomne svar gir ei deltaking på **53 %**.

For brukarar av heimetenestene i kommunen vart spørjeskjemaet sendt ut med tilsette i heimesjukepleien. For å prøve å sikre størst mogeleg deltaking tilbød dei å ta med utfylte skjema i lukka konvolutt tilbake til administrasjonen. Her brukte ein utvida spørjeskjema, der svaralternativa er gradert frå 1-6, der 6 er best. Brukarane hadde tilbod om hjelp til utfylling ved behov, av same uhilda person som gjennomførte undersøkinga i sjukeheimane. Berre ein av brukarane nytta seg av dette tilbodet.

### **Samla resultat for heimetenestene:**

I oversikta som viser gjennomsnittleg resultat, ligg Herøy kommune litt over snittet på alle områder.

Dersom vi ser meir på detaljnivå, ligg Herøy under berre på to spørsmål; fornøgd med matlaging og om brukaren er med når det utarbeidast planar for han. På spørsmålet om matlaging svarar over halvparten 'veit ikkje', truleg fordi det i lita grad vert laga mat av heimhjelp/heimesjukepleie.

Når det gjeld utarbeiding av planar, kjem det fram at heile 23,4 % er ueinige eller litt ueinige i at dei er med når det utarbeidast planar som angår dei, 31,2 % svarar 'veit



ikkje'. Mange syns heller ikkje dei får vere med å bestemme kva tid dei skal få hjelp. I 2010 vart det også kartlagt ei usemje blant brukarane når det gjaldt graden av brukarmedverknad.

Vidare kjem det fram at ny-tilsette ikkje er flinke til å vise legitimasjon når dei kjem. Og igjen, som i 2010, kjem dei tilsette til ein viss grad til avtalt tid, men det vert ikkje gitt beskjed dersom det vert forseinkingar.

Ut frå kommentarfeltet er det nokre ting som går igjen; dei ynskjer at heimesjukepleia skal ha meir tid, at dei ynskjer å få dusje oftare, og uttrykk for ynskje om meir heimehjelp og grundigare vasking.

Blant dei positive funna i undersøkinga, kjem det fram at dei tilsette i stor grad vert opplevde som omsorgsfulle og brukarane opplever å verte behandla med respekt. Alt i alt er så mykje som 96,5 % fornøgde med heimetenesta, og 81 % er fornøgde med heimehjelpa dei får.

### **Vurdering og konklusjon:**

Med bakgrunn i brukarundersøkinga kan vi konkludere med at bebuarane i sjukeheim og brukarane av heimetenestene jamt over er fornøgde med tenestene til Herøy kommune.

Bebuarane i **sjukeheim** er tydelege på at dei alt i alt er fornøgde med tenestene, sjølv om ikkje alle er fornøgde med rommet dei bur på. Dette er ei kjent problemstilling, og kommunen planlegg første nybygg i løpet av 2016.

Eit område som skilde seg ut, var om bebuarane nytta aktivitetstilbodet, der 16,1 % svara nei. Aktivitetstilbodet var forbetringstema også i 2010. Som eit resultat av det har vi satsa mykje på å betre aktivitetstilbodet i sjukeheimane, mellom anna gjennom konkrete arrangement, prosjekt og vidareutdanning og opplæring for personale. Frivillige er også aktive med ulike tiltak, og det siste som kan nemnast er eldrebølgen med tilbod om gåturar i nærmiljøet. Folkehelse og aktivitet vert framleis satsingsområde. Det vert viktig å oppretthalde samarbeidet med kulturavdelinga og ikkje minst legge til rette for frivillige aktørar, då pleiepersonalet har lite tid til slike aktivitetar. Kanskje må pårørande ta eit større ansvar for sine som ein del av fellesskapet. Personalet må ha eit ekstra fokus på dette med at ein del seier at dei ikkje seier frå.

Når det gjeld val av forenkla spørjeskjema til bebuarar i sjukeheim, er det ein bakdel å ikkje kunne samanlikne resultatane direkte med tidlegare år. Samtidig kan det vere dette skjemaet som sikra såpass høg svarprosent. Sidan det ikkje har vorte gjennomført undersøkingar med dette skjemaet andre stader i landet, kan vi ikkje vurdere kvaliteten i ein større samanheng, men vi håper fleire kjem etter, og at det vert høve for dette på tampen av året.

Når det gjeld brukarane av **heimetenestane** er svarprosenten så vidt over halvparten, noko som vert rekna som eit godt statistisk grunnlag. Resultatet viser at dei aller fleste brukarane alt i alt er fornøgd med tenestane som vert gitt, at dei i stor grad opplever å verte behandla med respekt, og at hjelparane er omsorgsfulle.

Samtidig kjem det fram at det kan leggast betre til rette for brukarmedverknad. Der er tilbakemelding på at pasientane ikkje opplever å verte tatt med i planarbeid. Forventningsavklaring og kommunikasjon vert sentrale stikkord. Ei slik involvering må stort sett skje gjennom samveret med pasienten i utføringa av oppdraget. Vi vil ha noko å hente på utvida bruk av PDA med føring av rapport saman med pasienten. Der er eksempel på kommunar som har vist til positive resultat for opplevd brukarmedverknad ved dette tiltaket.

Det vert også eit tiltak å minne om krav om bruk av legitimasjon når ein kjem inn i ein ny heim. Vidare å snakke om tidspunkt for besøk og korleis ein gjer det ved endring.

Denne kartlegginga vil no verte brukt som ein reiskap for å evaluere tenestene våre vidare, og setje inn tiltak for forbetring. Tidlegare år har vi invitert inn til opne møter for å presentere og diskutere resultatet. Det har vore svært dårleg frammmøte. For å nå direkte ut til alle prøvde vi difor i år ein variant der vi sendte eit brev til alle brukarane av tenesta for å orientere om resultatet.

Resultatet er presentert for leiargruppa i pleie- og omsorg, og vert vidare tatt opp i rådmannens leiargruppe. Kvar mellomleiar får utdelt resultatata for si avdeling slik at dei kan presentere den for sine tilsette og saman med dei vurdere kva som er bra og kva som kan verte betre. Etter den politiske presentasjonen vil vi gå ut med informasjon i lokalt media slik at resultatet også kan verte kjent for pårørande og lokalsamfunnet.

#### Konsekvensar for folkehelse:

Medverknad gir ofte auka engasjement, og kjennskap til eit samla resultat kan brukast til refleksjon over eiga oppleving.

#### Konsekvensar for beredskap:

#### Konsekvensar for drift:

Vi får oversikt over kvar vi er gode, og kvar vi må verte betre. Resultatet skal brukast til forbetring i form av konkrete tiltak.

Fosnavåg, 29.08.2014

Erlend Krumsvik  
Rådmann

Ragnhild Velsvik Berge  
Avd.leiar

Sakshandsamar: Ann-Sofie Nærø Ytterland / Ragnhild Velsvik Berge

BRUKARUNDERSØKING 2014

**HERØY KOMMUNE - HEIMEBASERT OMSORG**

	Respondenter	Planlagte svar	Svar	Utvalgsprosent	Svarprosent
PLO Heimetjeneste - samla	268	176	94	66	53
Distrikt 1	105	66	26	63	39
Distrikt 2	99	68	41	69	60
Distrikt 3	64	42	27	66	64

**HERØY KOMMUNE - INSTITUSJONSOMSORG**

	Respondenter	Planlagte svar	Svar	Utvalgsprosent	Svarprosent
Alle sjukeheimsavdelingane	101	60	56	59	93
Herøy sjukeheim, gul avd.	10	9	7	90	78
Herøy sjukeheim, grøn avd.	20	14	13	70	93
Herøy sjukeheim, raud avd.	20	13	13	65	100
Myrvåg sjukeheim, avdeling A	17	12	12	71	100
Myrvåg sjukeheim, avdeling B + Blå avd.	34	12	11	35	92

# HEIMETENESTE

## Kommentarer

Takk for hjelpen.

Hadde vore koseleg om heimesjukepleia får meir tid pr bruker, virker som dei har dårlig tid. Hadde vore kjekt om dei har tid til å snakke. Kvaliteten på husvasken er variabel.

Eg er meget godt fornøgd med hjemmesykepleien.

Eg er veldig fornøyd, men kunne ønske dere hadde litt mer tid når dere er her.

Har kryssa av ting som ikkje er aktuelt med vet ikkje.

Har ikkje heimehjelp lenger, fordi eg ikkje var fornøyd med den hjelpa eg fekk. Heimehjelpa vart sagt opp, og no får eg kun hjelp til reinhald o.l av nær familie.

Bedre kunnskap og erfaring.

Jeg ønsker å få litt mer tid sammen til å diskutere ting som har med vedtaket mitt å gjøre. Det hadde vært svært gunstig om vi kunne det.

Lagar all min mat sjølv.

Ønsker at dei tilsette hadde bedre tid.

Skulle ønske at jeg kunne få dusje/bade meg hver uke.

Det fungerer. Har alarm. Eg klarer meg med mat og stell selv, men har gjennom hjemmesykepleien fått hjelp til vask av gulv hver annen uke.

Jeg får hjelp til støttestrømpet. Heimehjelpa er flink og rask. Alt er bra.



Eg kunne tenkje meg at bord, sofa o.l. vart flytta på slik at det kunne gjerast reint under der også.

Eg har det bra og er fornøyd med den hjelpa eg får, men vist det var mulig vil eg gjerne badast kvar veke.


Den reduksjon av hjemmesykepleie jeg får nå, har jeg vært med på å bestemme sjøl.

Benytter heimesjukepleien kun til levering av multidose. Det funkar OK.


Har heimehjelp 1 gang pr mnd - vil ha kvar 14 dag.




## Brukermedvirkning




## Respektfull behandling




## Tilgjengelighet



## Informasjon



## Generelt





**Brukarundersøkinga 2014  
Pleie- og omsorgsavdelinga, heimetenestene.**

Vi vil fyrst takke for deltakinga i brukarundersøkinga i heimetenestene 2014.

For personar med heimesjukepleie vart spørjeskjemaet sendt ut med personalet, og svaret kunne sendast med dei tilbake i lukka konvolutt. Det vart tilbydd hjelp av ein uhilda person dersom nokon trengde hjelp til å fylle ut skjemaet. Ein person nytta seg av dette tilbodet.

Det vart nytta eit utfyllande spørjeskjema der svara var gradert frå 1-6, der 6 var best. Ut i frå eit utval på 66 % av brukarane, gjort med bakgrunn i diagnose, helsetilstand og tilbod om teneste, hadde vi ein svarprosent på 53 %.

Orienteringa vert sendt ut til alle som får heimesjukepleie.

På ei oversikt over resultatata frå dei kommunane som har gjennomført undersøkinga i heile landet, ligg Herøy kommune litt over gjennomsnittet på dei aller fleste områda.

Ser vi nærare på svara frå Herøy kommune, viser det seg at godt over 90 % av brukarane at dei vert behandla med respekt og at dei opplever dei tilsette som omsorgsfulle. Alt i alt er 96,5 % fornøgde med heimetenesta og 81 % er fornøgde med heimehjelpa.

Noko dårlegare score fekk kommunen på spørsmål om brukarmedverknad. Når det gjeld utarbeiding av planar er 23,4 % litt ueinige eller ueinige i at dei er med på utarbeidinga. Fleire syns heller ikkje at dei får vere med å bestemme kva tid dei skal få hjelp. Ny-tilsette kan også verte flinkare å vise legitimasjon ved fyrste møte, og det vert ikkje alltid gitt beskjed ved forseinkingar. Ut frå kommentarfeltet kunne vi lese at fleire ynskde å dusje oftare, at heimesjukepleia hadde betre tid, og oftare og grundigare vasking av heimen.

Når vi ser at 96,5 % alt i alt er fornøgde med tenestene trass i noko misnøye innan visse områda, kan vi likevel konkludere med at brukarane av heimetenestene for det meste er godt fornøgde med tenestene. Dette er vi veldig glade for.







HERØY KOMMUNE

Resultata er presentert for alle leiarane, og dei skal takast med inn i arbeidet på kvart distrikt slik at dei tilsette får sjå kva dei gjer bra, og kva dei kan fokusere på i det vidare arbeidet med å utvikle heimetenestene. Vidare vert resultatet lagt fram for politikarane over sommarferien, og samstundes presentert i Vestlandsnytt.

Vi ynskjer dykk ein god sommar, og takkar igjen for hjelpa!

Med venleg helsing

  
Ragnhild Vølsvik Berge

Pleie- og omsorgsleiar



HERØY KOMMUNE  
Pleie- og omsorgsleiar





HERØY KOMMUNE

**Brukarundersøkinga 2014  
Pleie- og omsorgsavdelinga, sjukeheimane.**

Vi vil fyrst takke for deltakinga i brukarundersøkinga i sjukeheimane 2014.

I sjukeheimane vart det nytta intervju som metode, og det vart nytta ein uhilda person. Ut i frå eit utval på 59 % av pasientane, gjort med bakgrunn i diagnose og helsetilstand, hadde vi ein svarprosent på 93 %.

Denne orienteringa vert gitt til alle bebuarar i sjukeheim.

Når ein ser på hovudfunna i resultatata for alle sjukeheimsavdelingane i Herøy kommune under eit, er det tre områder som får best resultat. Dette er at pasientane får den hjelpa dei har behov for, at dei tilsette snakkar klart og tydeleg, og til slutt at pasientane er fornøgde med sjukeheimen der dei bur. 92,9 % svarte ja på dette.

Dårlegast resultat fekk vi på spørsmål om dei er fornøgde med rommet der dei bur, og om dei nyttar aktivitetstilbodet ved sjukeheimen. Det som vert sagt i kommentarfeltet til slutt, gjev også eit inntrykk av at romma ikkje held ønskja standard. Det er spesielt små rom og deling av bad som vert nemnt. Her er det stor skilnad på avdelingane. Når det gjeld å ikkje nytte aktivitetstilbodet, kan det vere fleire grunnar til det. Desse kjem ikkje fram av undersøkinga.

Med desse observasjonane kan vi konkludere med at sjukeheimsbebuarane for det meste er godt fornøgde med tenestene som vert utført i avdelingane, noko vi er veldig glade for.

Resultata er presentert for alle avdelingsleiarane, og dei har også fått ei oversikt over korleis deira avdeling scora. No skal desse resultatata takast med inn i arbeidet på kvar avdeling slik at dei tilsette får sjå kva dei gjer bra, og kva dei kan fokusere på i det vidare arbeidet med å utvikle tenestene. Vidare vert resultatet lagt fram for politkarane over sommarferien, og samstundes presentert i Vestlandsnytt.

Vi ynskjer dykk ein god sommar, og takkar igjen for hjelpa!

Med venleg helsing

  
Ragnhild Velsvik Berge

Pleie- og omsorgsleiar  
 HERØY KOMMUNE  
Pleie- og omsorgsleiar

*ei balledgåsbøne*



## SJUKEHEIM

### Kommentarer

Opplever at det er lite sosialt. For få aktiviteter. Små rom. Dårlege toalettforhold.

Får ikkje alltid svar på det han spør etter. Er redd for å miste ting då dette har skjedd før. Meiner at pasientar må få ha private ting i fred.

Mat: Lite grønnsaker. For mykje søtt til måltida. Alt for lite rom. Dårlege toalettforhold. Angående respekt: Pasientar må få legge seg når dei vil. Dei må behandlast som eldre, ikkje som ungar.

Det kan verte lange dagar, så gjerne meir aktiviteter.

Ynskjer å få stå opp tidlegare, og å sleppe å vente så lenge.

Opplever at kle forsvinn etter vasking.

Det kan ta lang tid før dei ansette kjem og hjelper. Har inntrykk av at det er for lite folk på jobb. Det kan vere vanskeleg å forstå kva dei utanlandske seier. Saknar fersk fisk til middag. Middagen kan vere smaklaus. Betjeninga er veldig grei, dei gjer sitt beste.

Ynskjer meir fersk fisk til middag. Føler eg vert høyrd, men ikkje alltid tatt hensyn til. Det hender eg må vente lenge på hjelp.

Middag: agurksalaten er ikkje slik som eg er van med. Den må tilsettast eddik og sukker.

Mat: Sagn å ikkje få meir fersk fisk oftare til middag. Rommet: For gamaldags med to rom som deler toalett/bad. Lite rom. Rullestol: Dei som sit i rullestol og ikkje klarer å forflytte seg sjølv, bør få motorisert rullestol slik at dei kan kome seg rundt på eigahand.

Likar ikkje å dele rom.

Ynskjer aktiviteter for menn på arbeidsstova.

Vi får for lite fisk til middag.

Eg er mykje engsteleg om natta, og då får eg ikkje den hjelpa eg treng.

Det kan ta lang tid før det kjem nokon når ein ringer på. Det kan vere vanskeleg å forstå kva dei utanlandske seier.

Pleiarane snakkar ofte med kvarandre under stell, ikkje til meg som pasient. Språkproblem - dei kan ikkje norsk. Må ligge lenge å vente på hjelp. Trangt på rommet med mange hjelpemiddel, og trangt å kome til toalettet.

Rommet skulle vore større.

Bakgrunns spørsmål


**Hvor gammel er du?**

- 1. Under 67 år
- 2. 67-79 år
- 3. 80-89 år
- 4. 90 år og over

**Svar**

- 2
- 4
- 29
- 21

**Prosent**



**Kjønn**

- 1. Kvinne
- 2. Mann

**Svar**

- 38
- 18

**Prosent**



Forenklet utgave

**Jeg får den hjelpen jeg har behov for**

- 1. Nei
- 2. Ja
- 0. Vet ikke

**Svar**

- 3
- 52
- 1

**Prosent**



**Jeg er fornøyd med maten jeg får**

- 1. Nei
- 2. Ja
- 0. Vet ikke

**Svar**

- 3
- 51
- 2

**Prosent**




**Jeg benytter meg av aktivitetstilbudet**

- 1. Nei
- 2. Ja
- 0. Vet ikke

**Svar**

- 9
- 47
- 0

**Prosent**



**Jeg trives på rommet/i leiligheten**

- 1. Nei
- 2. Ja
- 0. Vet ikke

**Svar**


- 4
- 51
- 1

**Prosent**




**Jeg trives sammen med de ansatte**


	Svar
1. Nei	1
2. Ja	52
0. Vet ikke	2

**Jeg blir hørt når jeg gir uttrykk for hvordan jeg vil ha det**


	Svar
1. Nei	3
2. Ja	43
0. Vet ikke	10

**De ansatte behandler meg med respekt**


	Svar
1. Nei	2
2. Ja	46
0. Vet ikke	6

**Jeg er trygg på at de ansatte kommer når jeg trenger det**


	Svar
1. Nei	2
2. Ja	50
0. Vet ikke	3

**De ansatte snakker klart og tydelig slik at jeg forstår dem**

	Svar
1. Nei	3
2. Ja	52
0. Vet ikke	1


**Alt i alt, jeg er fornøyd med sykehjemmet/omsorgsboligen der jeg bor**

	Svar
1. Nei	1
2. Ja	52
0. Vet ikke	3



**Har du noen andre kommentarer til tjenesten du mottar på sykehjemmet/ i omsorgsboligen? Ikke skriv kommentarer her som gjør det mulig for andre å forstå at der er du som har svart. Skriv heller ikke noe som andre kan oppleve som sårende. Jeg samtykker til at mine kommentarer kan benyttes i offentlig rapport og/eller internt utviklingsarbeid**

	Svar
1. Ja	17
2. Nei	1



Referatsaker

Referatsaker





Eigedomsavdelinga

## SAKSPROTOKOLL

---

Sakshandsamar:	RMY	Arkivsaknr:	2014/894
		Arkiv:	611

---

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
25/14	Komite for Helse og omsorg Formannskapet	12.06.2014
103/14	Kommunestyret	28.08.2014

### LOKALISERING AV OMSORGSSENTER FOR HERØY

#### Møtebehandling:

FRP og Høgre v/Ann-Kathrin (Tine) Storøy kom med framlegg om slik ny tilråding:

1. Kommunestyret ber komite for helse og omsorg i samarbeid med administrasjonen å utgreie ulike lokaliseringalternativ for det framtidige omsorgssentertilbodet i Herøy kommune.
2. Lokaliseringsspørsmålet skal handsamast i kommunestyret innan mai 2015.

Framlegget frå Høgre/FRP vart vedteke mot 1 røyst.

#### Vedtak i Kommunestyret - 28.08.2014

1. Kommunestyret ber komite for helse og omsorg i samarbeid med administrasjonen å utgreie ulike lokaliseringalternativ for det framtidige omsorgssentertilbodet i Herøy kommune.
2. Lokaliseringsspørsmålet skal handsamast i kommunestyret innan mai 2015.

#### Møtebehandling:

Eigedomsleiar Robert Myklebust orienterte.

Rådmannen si tilråding med slikt nytt punkt 3 vart samrøystes vedteken:

Helse- og omsorgskomiteen vert orientert undervegs i prosessen.

#### **Tilråding i Komite for Helse og omsorg - 12.06.2014**

1. Kommunestyret ber rådmannen om å greie ut lokaliseringalternativ for det framtidige omsorgssentertilbudet i Herøy.
2. Lokaliseringsspørsmålet skal handsamast av kommunestyret innan desember 2014.
3. Helse- og omsorgskomiteen vert orientert undervegs i prosessen.

#### **Tilråding frå rådmannen:**

1. Kommunestyret ber rådmannen om å greie ut lokaliseringalternativ for det framtidige omsorgssentertilbudet i Herøy.
2. Lokaliseringsspørsmålet skal handsamast av kommunestyret innan desember 2014.

Særutskrift:

Eigedomsavdelinga, her

Pleie- og omsorgsavdelinga, her

Anlegg- og driftsavdelinga, her

Barn-, familie- og helseavdelinga, her

Komite for helse- og omsorg

Eldrerådet

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne

Hovudverneombodet

## **Vedlegg:**

### Uprenta vedlegg

1. K-sak 80/09 – Rapport frå politisk komité 3: Utbygging av helse- og omsorgstenester

## **Saksopplysningar:**

Saka gjeld lokalisering av det framtidige omsorgssentertilbodet i Herøy.

### Bakgrunn

Herøy kommune har eit todelt omsorgssentertilbod, med eitt omsorgssenter i Myrvåg og eitt omsorgssenter på Eggesbønes. Omsorgssentera omfattar i dag både institusjonsplassar og omsorgsbustadar utan heildøgns omsorgsfunksjon.

Bygningsmassen er av ulik alder, av varierende teknisk kvalitet og funksjonalitet. Delar av bygningsmassen stetter ikkje dei krav som vert stilt i lov og forskrift. Kommunen vil i åra framover få ein stadig større andel eldre- og omsorgstrengjande. Kommunens tilbod stetter ikkje dei behov dette vil utløyse. Det er såleis behov for både ein kvalitets- og kapasitetsauke.

### Målgruppe for eit omsorgssentertilbod

Eit omsorgssenter bør i utgangspunktet omfatte tenester til personar som har behov for institusjonsplass eller omsorgsbustad med heildøgns omsorgsfunksjon og må må sjåast i samanheng med det det øvrige helse- og omsorgstilbodet.

### Lokaliseringalternativ

Kommunen har i dag to omsorgssenter. Det må avklarast om denne todelinga skal bestå, eller om ein skal arbeide vidare med andre alternativ.

## **Vurdering og konklusjon:**

Rådmannen vurderer det som viktig å sette i verk planleggingsprosessen for vidare utbygging av omsorgssentertilbodet i Herøy.

Under fylkesmannens tilsyn med Herøy omsorgssenter – gul avdeling vart det lagt stor vekt på dei bygningsmessige krava for drift av ein sjukeheim. Dei bygningsmessige forholda ved Herøy omsorgssenter er ikkje i tråd med gjeldande regelverk.

Vi veit at befolkninga i Herøy vert eldre og at kommunen får ei eldrebylgje dei komande åra som dagens omsorgssentertilbod ikkje makter å stette.

### Konsekvensar for folkehelse:

Den vidare utviklinga av helse- og omsorgstilbodet i Herøy har avgjerande betydning for innbyggjarane si folkehelse.

### Konsekvensar for beredskap:

Lokalisering av omsorgssentertilbodet må sjåast i samanheng med lokaliseringa av brannberedskapen og det øvrige helsetilbodet i kommunen.

Konsekvensar for drift:

Lokalisering av omsorgssentertilbodet har betydning for i kva grad kommunens tenester innanfor dei ulike fagområda kan driftast effektivt og forsvarleg.

Fosnavåg, 03.06.2014

Erlend Krumsvik  
Rådmann

Robert Myklebust  
Eigedomsleiar

Sakshandsamar: Robert Myklebust